



Norsk Fyrhistorisk Forening er i ferd med å tenke nytt, på veg inn ei ny tid. Foto: Roger Bareksten, Ytterøyane fyr

 Årsmelding 2019
Norsk fyrhistorisk forening

Innhald

- 1 - Innleiing**
- 2 - Tillitsvalde**
 - 2.1 - Landsstyret**
 - 2.2 - Valkomiteen**
- 3 - Sekretariat**
- 4 - Medlemmar og kontingent**
- 5 - Aktivitet**
 - 5.1 - Styremøte**
 - 5.2 - Styrets og sekretariatets arbeid**
- 6 - Organisasjonsendring**
- 7 - Landsstyrets vurdering**

1 - Innleiing

Året som gjekk var prega av fleire endringar, ny satsing og med eit aktivt landsstyre som har gjort mykje godt arbeid. Arbeid vi håpar har hatt gode ringverknader for dei 90 medlemsfyrå våre og for fyrinteresserte i heile landet.

2 - Tillitsvalde

2.1 - Landsstyret

Heidi Eikremsvik, Langevåg,

leiar for perioden 2019-2021.

Styremedlem 2011-2014, og 2018-2019.

Henriette Skjæveland, Farsund,

nestleiar for perioden 2018-2020.

Styremedlem 2018-2019.

Jostein Korsnes, Kvamsøy,

kasserar for perioden 2018-2020.

Styremedlem 2011-2019.

Marianne Johnsen, Averøy,

styremedlem for perioden 2019-2021.

Styremedlem 2016-2019.

André Schau, Drammen,

styremedlem for perioden 2019-2021.

Styremedlem 2014-2019.

Per Roger Lauritzen, Sandefjord,

styremedlem for perioden 2018-2019.

Svein Harald Magne Eliassen, Hammerfest,

vara for perioden 2019-2021.

Varamedlem 2017-2019.

Inge Westad, Alnes,

vara for perioden 2018-2020.

Varamedlem 2018-2019, styremedlem 2005-2007.

2.2 - Valkomiteen

Leiar: Berit Johanne Vorpbukt. Medlem 2017-2020

John Evensen, medlem 2016-2019

Tore Berntsen, medlem 2018-2021

3 - Sekretariatet

Vi har fått ein ny medarbeidar på kontoret vårt i Øvre Slottsgate 2b, der Norsk Fyrhistorisk Forening har kontor plass. Organisasjonsrådgivar Elisabeth Carrera overtok 1. september ansvaret for sekretariatet vårt etter Ola Sendstad, som har vore vår mann i Oslo dei siste 3,5 åra. Vi takkar Ola for laget og ønskjer Elisabeth varmt velkommen inn i fyrfelleskapet.

På Kulturvernets Hus har vi kontor fellesskap med andre frivillige organisasjonar tilslutta Kulturvernforbundet. Dette er nyttig og inspirerende for oss, som berre har ein tilsett, i halv stilling.

Carrera er redaktør for nettsida vår, fyr.no, er sekretariat for landsstyret, og er vår kontaktperson overfor publikum. Ho representerer oss også i politiske høyringar og i samarbeid med etatar og organisasjonar.

4 - Medlemmar og kontingent

Medlemstal per 31.12.2019:

90 medlemsfyr (organisasjonar og privatpersonar som drifrar fyr)

36 institusjoner (kommunar etc.)

Kontingentsatsen har vore uendra:

Enkeltpersonar: 250,-

Familiemedlem til enkeltpersonmedlem: 100,-

Fyr: 400,-. Institusjonar: 600,-.

5 – Aktivitet

Vi er stolte over å kunne fortelje at vi i september 2019 endeleg fekk på plass ei oppdatert nettside som no skal vere lettare å lese både på nettbrett og mobil. Fyr.no er Norsk fyrhistorisk forenings viktigaste møteplass, og det er her fyrinteresserte skal kunne finne siste nytt frå fyrfeltet og finne praktisk informasjon om alle fyr og fyrstasjonar i Noreg. Nytt i år er også at vi i eit samarbeid med Kystverkmusea har gjort ein avtale om å legge råmaterialet frå Per Roger Lauritzens nye bok, «Norske fyrstasjonar. Besøksfyr langs hele kysten», inn i NFHF's database over dei norske fyra. Boka som kom i haust, er i tråd med Norsk Fyrhistorisk Forening sitt formål, å arbeide for at fyra skal vere tilgjengelege for alle. Når det gjeld formidling av informasjon, så har vi også vore aktive på Facebook dette året, og nytt av året er at foreninga har fått instagramkonto: @fyr.no.

5.1 - Styremøte

Styret har i 2019 gjennomført ti styremøte, fem fysiske møte og fem via telefon.

Vi har hatt styreseminar i samband med Verdås fyr dag på Alnes fyr og opplevingssenter 18. august. Denne helga var vi også på besøk på Lepsøyrevet fyr, og Høgsteinen fyr. Ei innhaldsrik helg der kysttrubadur og historikar Arne Thnheim deltok både med fyrforedrag, song og musikk, og tok oss med tilbake til fyrbygarhistoria med utgangspunkt i Høgsteinen fyr.

Frode Pilskog frå Dalsfjord fyrmuseum tok oss med på ei bildereise til fyr rundt om i verda. På Lepsøyrevet fyr vart vi varmt mottekne av Kari-Ann og Helge Holgersen, som har lagt mange dugnadstimar i å sette fyret i stand ilag med Kystverket for å gjere det tilgjengeleg for alle. Dagleg leiar Ann-Helen Støbakk ved Alnes fyr og opplevingssenter tok godt imot oss og stilte amfiet til disposisjon for markeringa av Verdås fyr dag.

Styret fekk bruke sjølve fyrstasjonen til styremøte og sosiale samlingar, med Inge Westad som gjestfri vert. Fredagen deltok styret i eit møte med regionsjef Harald Tronstad og Bjørn Relling hos Kystverket, Ålesund, der vi utveksla informasjon og tok opp aktuelle problemstillingar. Ein tur innom NRK Møre og Romsdal for å spreie litt informasjon om Norsk fyrhistorisk forening, vart det også tid til fredag i forkant av styreseminaret.

5.2 - Styrets og sekretariatets arbeid

Etter eit svært inspirerende og hyggeleg landsmøte og fyrseminar på Hitra og Frøya i mars ilag med Kystverkmusea, kunne eit nytt styre brette ermene opp og arbeide vidare for firsaka. Tormod Steen, vår styreleiar i perioden 2014-2019, takka for seg, og nestleiar Heidi Eikremsvik vart ny styreleiar. Per Roger Lauritzen kom inn som nytt styremedlem ved suppleringsval.

Styremedlemmer har representert foreninga på jubileum eller leigetakarsamlingar. I år har det vore leigetakarsamling i Kystverket Sørøst i Arendal og i Kystverket Vest på Stord, der Norsk fyrhistorisk forening har vore representert begge stader. Svært inspirerende samlingar for medlemsfyr som leiger fyr av Kystverket, og for oss som forening og støttespelar for medlemsfyr over heile landet.

I styrearbeidet har vi lagt vekt på å ha god dialog med Kystverket, Kystverkmusea, Kystled og frivillige lag og organisasjonar, som er viktige samarbeidspartar for oss i arbeidet med å ta vare på fyra og gjere dei allment tilgjengelege.

Som frivillig organisasjon har vi også høve til kome med innspel til politikarar og styresmakter. I oktober deltok NFHF på ei høyring i Transport- og kommunikasjonskomiteen nettopp for å kaste lys på forfallet som vi ser rundt om på fleire fyr på grunn av mangelfullt vedlikehald. Organisasjonsrådgivar Elisabeth Carrera og styremedlem André Schau representerte oss i høyringa.

6 – Organisasjonsendring

Styret har arbeidet mye med organisasjonssaken og gjennomført en høring. Resultatet vi bli fremlagt på landsmøtet .

7 - Landsstyrets vurdering

Styrearbeidet har vore prega av av høgt aktivitetsnivå og mange saker. Medlemmene i landsstyret er engasjerte og har lagt ned mykje arbeid. Vi har vore synlege i Stortinget. I år fekk vi på plass ny nettside, ny medarbeidar i Oslo og gjennomførte eit svært hyggeleg og inspirerende landsmøte og fyrseminar ilag med Kystverkmusea på Hitra og Frøya. Verdas fyrdag på Alnes var også inspirerende og kjekt og noko vi ønsker oss kvart år.

Vi har gjennomført eit arbeidsår for foreninga etter beste evne, og er klar over at det må gjerast grep for å skaffe NFHF tryggare økonomiske rammer framover.

Takk til alle vi har hatt gleda av å samarbeide med i 2019!

Beste helsing

Landsstyret i Norsk Fyrhistorisk Forening:

Heidi Eikremsvik
leiar

Henriette Skjæveland
nestleiar

Jostein Korsnes
kasserar

Andre Schau

Per Roger Lauritzen

Marianne Johnsen

Inge Westad
vara

Svein Harald Magne Eliassen
vara

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Jostein Hogne Korsnes

Underskriver

Serienummer: 9578-5993-4-2752871

IP: 213.128.xxx.xxx

2020-06-03 15:20:21Z



Marianne Johnsen

Underskriver

Serienummer: 9578-5997-4-220608

IP: 85.93.xxx.xxx

2020-06-03 15:50:08Z



Andrè Schau

Underskriver

Serienummer: 9578-5995-4-2158211

IP: 81.167.xxx.xxx

2020-06-05 10:47:23Z



Heidi Eikremsvik

Underskriver

Serienummer: 9578-5997-4-2127509

IP: 83.243.xxx.xxx

2020-06-10 19:19:40Z



Per Roger Lauritzen

Underskriver

Serienummer: 9578-5998-4-812847

IP: 85.165.xxx.xxx

2020-06-15 08:26:52Z



Henriette Marie Skjæveland

Underskriver

Serienummer: 9578-5997-4-733886

IP: 159.171.xxx.xxx

2020-06-15 08:49:13Z



Penneo Dokumentnøkkel: HWKAL-AY3ZJ-VZJS2-84DJN-JFKZW-5WPA3

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>